


Fiskeridepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 Oslo



Møre og Romsdal fylke
FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
20070021- /AMV	05.01.2006	MR 7206/2007/U40/&13	Eirin Roaldsen, 71 25 81 66	03.04.2007

Høyring; Fra ungdom til fisker - fra fisker til fartøyeier

Vi viser til Dykkar brev av 5. januar i år med oversending av høyring av rapporten om rekrutterings- og etableringsordningar for ungdom til fiskeflåten "Fra ungdom til fisker - fra fiskeri til fartøyeier".

Saka blei handsama i Nærings- og miljøutvalet 13. mars og i Fylkesutvalet 26. mars. Under følgjer høyringsuttale som blei samrøystes vedteke:

1. Møre og Romsdal fylke har med uro sett på utviklinga i høve til rekruttering til fiskaryrket, og er positive til at Fiskeri- og kystdepartementet no har satt i gang eit arbeid for å betre situasjonen.
2. Møre og Romsdal fylke meiner god lønsemd og verdiskaping er viktig for god rekruttering til flåten. God lønsemd vil gje konkurransekraft i høve til andre næringar på arbeidsmarknaden. Det offentlege må gje næringa gode, stabile og konkurransedyktige rammevilkår. Ei vidareføring av flåtestrukturordninga vil vere eit tiltak i rett lei mot ei konkurransedyktig fiskerinæring. Slik vil næringa vere lønsam og kunne konkurrere på arbeidsmarknaden.
3. Møre og Romsdal fylke meiner det offentlege må vidareutvikle og leggje til rette for ei god og moderne yrkesopplæring av fiskarar. I den vidare utviklinga av yrkesopplæringa må også næringa sjølv vere aktiv slik at ein saman kan kome fram til gode ordningar.
4. Møre og Romsdal fylke legg til grunn at skulane også i framtida skal ha fiskekvoter til bruk i undervisninga, men vil understreke at desse kvotene berre bør brukast til undervisning og haldast på eit nivå som er tilstrekkeleg for relevant undervisning.
5. Møre og Romsdal fylke støttar arbeidsgruppa sitt forslag om etablering av eit koordinerande organ som skal ha tilsvarande rolle som FINKO.
6. Møre og Romsdal fylke vil fråråde bruk av etableringskvoter (rekrutteringskvoter) til støtte for etablering av unge fiskarar som fartøyeigarar. Fylket viser til at dette vil vere i strid med dei måla ein har ønska å oppnå i strukturdordningane, nemleg å betre kvotegrunnlaget (driftsgrunnlaget) og lønsemda for fiskefartøya.
7. Møre og Romsdal fylke støttar fleirtalet i arbeidsgruppa sitt forslag om finansieringsstøtte til etablering som fartøyeigar.
8. Å halde skulefartøya oppgraderte teknisk, kan bli eit stort økonomisk løft. I staden for å overinvestere i desse fartøya, bør ein heller søkje samarbeid med meir moderne fiskefartøy i aktivt fiske. Dette kan og gje elevane eit realistisk bilete av kva dei går til.

Med helsing

Jon Aasen
fylkesordfører

Joralf Hataukan
regional- og næringsdirektør